

FAU 14. oktober kl 20. Skulekjøkken

Tilstades: Gunleif Haukelid, Mari Fossan-Medalen, Hege T Langbakk, Pål Maudal, Rolf Magne Haukalid

Sak 1 Busstopp Bergebakkane

Oppfølging av sak 1/27.05.19

Gunleif har snakka med Øyvind Nag/Boreal. Han føreslår at barn som skal til Bergebakkane tek Fossmarkbussen som kjører til høgde i rundkjøringa. Dei kan då gå av på busstopp der.

Sak 2 Registrering i Enhetsregisteret

Oppfølging av sak frå i vår. Inger Ann Haukalid og Trond Haukelid prøvde i vår å registrere FAU i Enhetsregisteret. Dette vart avslått av Enhetregisteret på grunn av manglande dokumentasjon og formaliteter. Rolf Magne undersøker kva som manglar og kor status er.

Sak 3 Skuleavslutning 10. klasse - bidrag frå FAU

Forsand kommune har bidrage med 500 kr/elev til avslutningsfest for 10. klasse. Frå 2020 får ein ikkje dette frå Sandnes. Det er kome førespurnad om FAU kan bidra.

FAU kan tenkja seg å støtta dette, men er førebels litt avventande til kva konkrete kronebeløp me kan bidra med. Me har ikkje tilstrekkeleg oversikt over eigen økonomi ennå. Me må i såfall leggja oss på eit beløp som me kan stå inne for også for kommande kull.

Det er kome signaler frå Høle og Skeiane om at der dekkjer FAU maten og skulen står for pynt og lokaler.

På Jørpeland lager foreldra i 9. klasse kaker og står for serveringa for 10. klasse sin fest.

Sak 4 Brukarundersøking

Skulen har bede FAU sjå på temaområder me ynskjer skal vera med i brukarundersøkinga.

Me føreslår "Hjem - skole" og "Støtte fra lærerne" i tillegg til dei som allereie er fastlagt frå adm

Sak 5 Refleksdag onsdag 16.10

Har fått refleksvestar til alle elevane frå Fiskå Mølle, små refleksar mm frå Sandkompaniet. Også noko rester frå tidligare år.

Gunleif, Mari, Rolf Magne og Bjarte Dagestad møter på skulen 0745 onsdag 16.10 for å dele ut til elevane.

Sak 6 Møtedatoar

Me føreslår fylgjande datoar for møter framover:

25. november

28. januar

3. mars

28. april

25. mai

Dersom du ikkje kan nokon av dagane er det fint om du gir beskjed her snarast så ser me kva me får til.

Sak 7 Eventuelt

Innsjukt Beat the street - 29. oktober kl 17-19

FAU ordner grill + saft på tusenårsplassen. Folk tek med grillmat sjølv.

Oppfordrar 2 frå kvar klasse til å ta med ei kake

Gunleif ordner grillkol/innkjøp

Rolf Magne ordner grillar/bålpanner